

Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar, Suldal kommune, Rogaland.

Kommentarar til forskrifta

Forskrift og kommentardel byggjer på Rettleiar 1824/2001 frå Statens forureiningstilsyn.

Lovheimel

Lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (Forureiningsloven) § 9, jf. delegeringsvedtak 19. juli 2001 nr. 1706.

Tilgrensande lovverk

-Lov om helsetenester i kommunen - § 4a - miljøretta helsevern.

-Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgåver § 5 - § 6.

-Forskrift 26. juni 2002 nr. 847 om brannførebyggjande tiltak og tilsyn § 8-2.

Til § 1. Formål

Formålet med denne forskrifta er å forhindra forureining og helseproblem i kommunen som følgje av open brenning og brenning av avfall i småomnar. Kommunen ønskjer og at forskrifta skal bidra til ei betre avfallshandtering og auka utnytting av ressursar gjennom avfallsreduksjon, materialgjenvinning og energiutnytting.

Til § 2. Verkeområde

Forskrifta omfattar alle former for utandørs brenning innan kommunens grenser, inklusive brenning i tønner og småomnar som har til hensikt å destruera avfall, samt brenning av avfall i vedomnar. Forskrifta omfattar alt frå brenning av hageavfall, kvist, halm og bråte til brenning av forbruksavfall. Kommunen har ikkje fått myndigheit etter forureiningslova § 32 første ledd, som regulerer disponering av produksjonsavfall. Brenning av produksjonsavfall fell derfor utanfor forskriftas verkeområde. Det er leveringsplikt på alt produksjonsavfall, og brenning er forbode.

Til § 4. Forbod mot open brenning og brenning av avfall i småomnar

Forskrifta fastset eit generelt forbod mot open brenning og brenning av avfall i småomnar. Slik brenning er forbode med mindre det er omfatta av unntaka i § 5. I tillegg til denne forskrifta regulerast brenning av forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn av 26. juni 2002. Denne forskrifta fastset at det er forbode å gjere opp eld eller behandle ting utandørs på en slik måte at det representerer ei brannfare, samt eit generelt forbod mot å gjere opp eld i eller i nærleiken av skogmark i perioden 15. april til 15. september.

Til § 5. Unntak frå forbodet

Følgjande brenning skal likevel være tillaten så lenge dette ikkje er i strid med anna lovgiving: Brenning som kan medføre brannfare vil være i strid med brannvernlovgivinga, brenning som fører til alvorlige helseplager vil være i strid med kommunehelsetjenesteloven. Slik brenning vil ikkje vera tillaten sjølv om det omfattast av forskriftas unntaksbestemmelsar.

a)Open brenning på grillinnretningar, utepeisar og bål brukt i tradisjonelt friluftsliv.

Dette omfattar bruk av open eld til matlaging og som varme. Det skal bare nyttast grillkol, eller ved/kvist. Det anbefalast å bruke bålpassar som er tilrettelagt for slik bruk.

b)Brenning av trevirke i vedomn, med unntak av impregnert treverk.

Brenning av trevirke som er impregnert er ikkje tillat då dette gir utslepp av helse- og miljøskadelige stoff og gir giftig oske. Som eksempel kan nemnas at trykkimpregnert virke seld før 1. januar 2003 inneheld arsen-, krom- og kopparforbindelsar. Når ein brenn slikt trevirke vil både røyk og oske innehalde arsenikk. Stikkprøvekontrollar sommaren 2005 viste at slikt virke framleis var i vanleg sal.

c) Brenning av avisopapir og liknande til opptenning i vedovn.

d) Sankthansbål og Olsokbål, under føresetnad av at det vert brukt reint trevirke. Brenning av Sankthansbål skal vera knytt opp mot Sankthans arrangement. Brenning av Sankthansbål som er blitt utsett grunna vêrtilhøve kan etter avtale tillatast brent i ettertid.

Avfall som trykkimpregnert trevirke, plast, gamle sofaer, vinduskarmar, hagemøbler osv. skal ikkje brennast på sankthansbål, då slikt avfall kan gi utslepp av svært giftige stoff og gi giftig oske.

e) Brenning av tørt hageavfall avgrensast til måndag til laurdag. Det skal ikkje brennast på søndagar og offentlege fridagar. Brenninga skal vera avslutta før mørkets frambrøt. Kommunen kan forby brenning nær skular, barnehagar, idrettsanlegg, helseinstitusjonar og tettbygde områder. Dersom den som brenn burde forstå eller blir gjort merksam på at nokon blir sjenert av brenninga, skal brenninga straks avsluttast.

Brenning av hageavfall bør ein så langt det er mulig unngå. Hageavfall bør primært komposteras på eigen eigedom eller leverast til kommunens avfallsdeponi.

Brenning etter mørkets frambrøt fører lett til misforståelsar som resulterer i unødvendige utrykkingar, og bør avgrensast. I nærleiken av skular og barnehagar bør brenning gjennomførast etter stengetid, men må likevel avsluttast før mørkets frambrøt. Ved brenning som kan påverke helseinstitusjonar eller idrettsanlegg, bør institusjonen varslast.

f) Brenning av bråte, samt brenning av gras og lyng til beiteforbetring. Brenninga skal vera avslutta før mørkets frambrøt. Kommunen kan forby brenning nær skular, barnehagar, idrettsanlegg, helseinstitusjonar og tettbygde områder. Dersom den som brenn burde forstå eller blir gjort merksam på at nokon blir sjenert av brenninga, skal brenninga straks avsluttast.

Brenning etter mørkets frambrøt fører lett til misforståelsar som resulterer i unødvendige utrykkingar, og bør avgrensast. I nærleiken av skular og barnehagar bør brenning gjennomførast etter stengetid, men må likevel avsluttast før mørkets frambrøt. Ved brenning som kan påverke helseinstitusjonar eller idrettsanlegg, bør institusjonen varslast.

g) Brenning i forbindelse med brannundervisning / brannøvingar. Brenning av bygning i forbindelse med øving i regi av brannvesenet og sivilforsvaret. Bygning skal vera miljøsanert og øvinga må dokumenterast.

I forbindelse med undervisning og øvingar er open brenning nødvendig. For eksempel brannundervisning i skulen, øvingar internt i brannvesenet og øvingar internt i bedrifter.

At bygning skal vera miljøsanert inneber at alt vesentlig av inventar og bygningsdeler, mv. som inneheld komponentar som kan vera til skade eller ulempe for miljøet skal vera fjerna. Eksempel på dette er PCB-holdige isolerglassvindauger, elektriske installasjonar, lysstoffrøyr, golvbelegg i PVC mv. Det er eit vilkår at det er gitt rivingsløyve etter plan- og bygningslova.

Dersom det er behov for gjennomføring av øvingar som inneber brenning av andre objekt må det søkjast om dispensasjon.

Til § 6. Dispensasjon

Då forskrifta heimlar ei rekke unntak frå forbodet vert det lagt opp til ei streng dispensasjonspraksis.

Kommunen vil i særskilde høver kunne gi dispensasjon frå forskrifta.

Kommunen har ikkje myndigheit til å gi dispensasjon for brenning av produksjonsavfall, eller brenning av avfall i småomnar berekna for destruksjon av avfall (sjå kommentar til § 2 Verkeområde), idet dette krev utsleppsløyve etter forureiningslova § 11. Kommunen har ikkje myndigheit etter forureiningslova § 11.

Til § 9. Straff/Sanksjon

Ved brot på bestemmelsane i den kommunale forskrifta kan kommunen nytte følgjande tilgjengelege verkemidlar:

- Gi pålegg etter forureiningslova § 7 fjerde ledd.
- Ilegge forureiningsgebyr etter forureiningslova § 73.
- Iverksette tiltak dersom pålegget ikkje vert fulgt (jf. forureiningslova § 74).
- Krevje refusjon av utgifter i forbindelse med gjennomføring av tiltak etter forureiningslova § 74.
- Melde forholdet (jf. forureiningslova § 78 og § 79).